



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Heinz Diehl	FE - 230, FA - G10	18/511

Saksnr	Utval	Type	Dato
111/18	Formannskapet	PS	26.11.2018
080/18	Kommunestyret	PS	13.12.2018

### Justering av sats for omsorgstønad 2019 Kommunebudsjett 2019

#### Saksutgreiing:

##### Bakgrunn

Omsorgstønad er lovfesta i Helse- og omsorgsloven § 3-6 tredje ledd. Omsorgstønad for særleg tyngande omsorgsoppgåver vert tildelt etter bestemte kriterier og skal gjera det mogleg for private omsorgspersonar å oppretthalda omsorgsarbeidet for sine næraste. Omsorgstønad kan sjåast på som ei form for oppvurdering av det ubetalte omsorgsarbeidet. Private omsorgsytere skal få noko betaling for det omsorgsarbeid dei gjer. Betalinga dekker som regel ikkje dei reelle utgiftene eller innteksttap for den som yter omsorga. Søkjaren har rett på berekning av kva for eit timetal ytinga vert betalt for. Det skal vidare skje ein konkret utmåling ut frå ein timesats som vanlegvis ikkje skal vera under det lønt personell får.

##### Vurdering

Timesats for omsorgstønad har hittil ikkje vore utrekna. Fram til no er det difor berre justert maksbeløp for betaling per måned. Ordninga tek ikkje sikte på å gje dei som har tyngande omsorgsarbeid får full løn for kvar time dei arbeidar. Det er vanleg at kommunane set fast timeløna til dei som får omsorgstønad likt med timeløna til *stilling utan særskilt krav om utdanning*. Dei fleste kommunar plasserer omsorgstønad i lågaste gruppe.

Justert med normal løns- og prisstigning utgjer dette ei timeløn på 157,17 kr for 2019. Maksbeløpet har sist vore justert for 2017 og er per i dag 4500 kr per måned. Her vil ein auke til 5130 kr per måned utgjere eit tillegg på ca. ein ekstra time per veke.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

##### Konklusjon

Timesats er utrekna med basis i kva som er vanleg praksis og justert med forventa lønns- og prisauke. Maksbeløp er tilpassa tilsvarande.

#### Forslag til vedtak:

Med verknad frå 01.01.2019 vert timesatsen for omsorgstønad satt til 157,17 kr og maksbeløpet



# Fedje kommune

vert satt til 5130 kr per måned.

## **Formannskapet - 111/18**

**F - behandling:**

**F - vedtak:**

Med verknad frå 01.01.2019 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til 157,17 kr og maksbeløpet vert sett til 5130 kr per måned.

Samrøystes vedteke.

## **Kommunestyret - 080/18**

**K - behandling:**

**K - vedtak:**

Med verknad frå 01.01.2019 vert timesatsen for omsorgsstønad satt til 157,17 kr og maksbeløpet vert sett til 5130 kr per måned.

Samrøystes vedteke.